


# Ruspolitisk handlingsplan 2008 - 2011



Luster kommune

Vedteken av Luster kommunestyre  
29.05.2008, K.sak 52/08

<b>Innhold</b>		<b>Side</b>
<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>2</b>
1.1	Lovgiving	2
1.2	Føremål	2
1.3	Arbeid med planen	2
<b>2.</b>	<b>Nasjonale og kommunale målsetjingar</b>	<b>3</b>
2.1	Nasjonalt	3
2.2	Lokalt	3
<b>3.</b>	<b>Historikk/Nosituasjon</b>	<b>4</b>
3.1	Nasjonalt	4
3.2	Regionalt	4
3.3	Lokalt	4
3.4	Omsetjingstal for kommunen	5
<b>4.</b>	<b>Vurderingar</b>	<b>6</b>
4.1	Rusmiddelomsetnad/Næringspolitikk	6
4.2	Oppfølging av rusmisbrukaren	7
4.3	Førebyggjande arbeid	8
4.4	Foreldre	8
4.5	Regionalt samarbeid	9
4.6	Forankring og evaluering	9
<b>5.</b>	<b>Handlingsplan/Tiltak</b>	<b>9</b>
5.1	Tiltak i skulane	9
5.2	Andre tiltak	10
<b>6.</b>	<b>Reglar for sal og skjenking av alkohol</b>	<b>11</b>
<b>6.1</b>	<b>Sal</b>	<b>11</b>
6.1.1	Salsløyve	11
<b>6.1.2</b>	<b>Salstider</b>	<b>12</b>
<b>6.2</b>	<b>Skjenking</b>	<b>12</b>
6.2.1	Skjenkeløyve	12
6.2.2	Løyve til servering av vin og øl ved enkeltarrangement	12
6.2.3	Ambulerande skjenkeløyve	12
6.2.4	Alkoholservering utan løyve	13
6.2.5	Importløyve	12
6.2.6	Ingen løyve	13
6.2.7	Skjenketider	13
<b>6.3</b>	<b>Kontroll</b>	<b>14</b>
<b>6.4</b>	<b>Inndraging</b>	<b>14</b>
<b>6.5</b>	<b>Sanksjonsreglement</b>	<b>14</b>

## 1. INNLEIING

### 1.1. Lovgiving

Kommunen er pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan jf. alkoholova § 1-7d. Planen skal rullerast for kvar kommunestyreperiode, og skal no gjelda for perioden 2008 – 2011.

Lovgivinga sett råmer for rusmiddelpolitikken, og kommunen er pålagt å løyse ei rekkje oppgåver etter ulike lover:

- Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk
- Lov om sosiale tenester
- Lov om helsetenester i kommunane
- Lov om barneverntenester
- Lov om smittsame sjukdommar
- Lov om psykisk helsevern

Alkoholova har slik føremålsparagraf, § 1-1:

”Reguleringa av innførsel og omsetning av alkoholhaldig drikk etter denne lov har som mål å avgrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.”

### 1.2. Føremål

Gjennom ein rusmiddelpolitisk handlingsplan kan ein leggja til rette for ei heilskapleg og samla alkoholpolitisk line, med forankring til kommunen si leiing og øvrige planverk.

Fagplanen må følgjast opp av politikarane, og den må vere eit offentleg dokument som ein og alle skal halde seg til både politisk og administrativt. Måla må vere klart definerte og godt kjende for alle einingar i kommunen og andre som er involverte i arbeidet.

Det må bli lagt vesentleg vekt på sosiale og helsemessige interesser i kommunen, men det må og leggjast vekt på næringspolitiske omsyn når saker skal handsamast.

Kommunen har ansvar for å syta for at lokal alkoholpolitikk medverkar til at omsetnad av alkohol skjer på forsvarleg vis og innafor dei råmer som lovverket set. Gjennom retningsliner for sal og skjenking må det leggjast til rette for at bruk av alkohol vert halde på eit akseptabelt nivå.

Omfaget av alkoholskadar er undervurdert i befolkninga. Det blir mange alkoholskadde norske barn kvart år, også ufødde. Barn bør difor ha særlege krav på å verte skjerma for negative konsekvensar av sitt eige og andre sitt rusmisbruk. Førebyggjande arbeid mellom barn og ungdom er difor eit sentralt satsingsområde i handlingsplanen.

### 1.3. Arbeid med planen

Luster kommunestyre valde i sak 116/07 ein komite med fylgjande 5 personar for å kome med framlegg til rulling av den ruspolitiske handlingsplanen for kommunen:

# LUSTER KOMMUNE – RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN

Kirsten Vikdal, leiar, Terje Bakke Nævdal, Arve Bjørn Røneid, Nelly Torunn Øygard og Gudny Bukve.

I samband med arbeidet inviterte komiteen inn alle involverte einingar for å representera sitt arbeid med førebyggjande tiltak og ettervern innan rusomsorg. Desse møtte:

- Kultursjef og koordinator for oppvekst
- PPT v/skulepsykolog,
- helse v/kommunelege, helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar
- sosial v/leiar
- politiet.

Einingane la fram nositasjonen med aktivitetar og handlingar som dei utfører, i tillegg til utsiktene og utfordringane som alltid vil vere tilstades i slikt arbeid. Prosessen var opplevd positivt både for komiteen og dei andre som deltok.

Vidare har komiteen lagt vekt på den lokale alkoholpolitikken og den røynsla ein har med arbeidet innan rusomsorg i kommunen dei siste åra. Mykje bra arbeid blir gjort, men det **kan** bli betre.” Kva er gjort, kva **kan** gjerast og kven skal gjere kva?”

## 2. NASJONALE OG KOMMUNALE MÅLSETJINGAR

### 2.1. Nasjonalt

Regjeringa sin handlingsplan mot rusmiddelproblem 2006 – 2008 har som hovudmål å oppnå ein tydelig reduksjon i dei sosiale og helsemessige skadane av rusmiddelmisbruk.

**Aldersgruppa har endra seg, og det er grunn til bekymring. Det må jobbast målretta for å utsetje debutalderen.**

### 2.2. Lokalt

**Hovudmålet for Luster kommune sin ruspolitikk er å redusere dei samla russkadane og dei belastningane rusmissbruk fører med seg. Arbeidet skal ha særskilt fokus på forholdet barn/unge og rusmiddel. I budsjett/økonomiplan 2008 – 2011 står det at overordna mål i rusomsorg er: ”Å gje eit godt førebyggjande tilbod innan edruskapsvernet og gje eit adekvat tilbod til alle som søker hjelp når det gjeld rusproblem.”**

Luster kommune sin plan for folkehelse 2006-2008 seier at : ”Luster kommune skal vere ein god plass å veksa opp i. Kommunen skal stimulere til aktive, levande og inkluderande lokalsamfunn der helse, kultur, trivsel og medverknad vert sett i samanheng.”

**Satsingsområde for folkehelsearbeidet er rus- og tobakksførebygging, kost- og ernæring, fysisk aktivitet og psykisk helse. Det syner seg at fokus på helse har verknad på rusførebygging. Ungdom som ikkje nyttar rusmiddel som tobakk og alkohol er for eks. mindre utsette for å prøve hasj. Hasj er ofte utgangspunktet for å fortsette med sterkare narkotiske stoff.**

## Mål

- Heve debutalderen for rusbruk og redusere forbruket.
- Førebygge og hindre tilbakefall hos rusmisbrukarar ved ettervern.
- Sikre at skjenking av alkoholhaldig drikk skjer på ein forsvarleg måte og sosiale omsyn vert ivaretekne.
- Gjennom haldningsskapande arbeid gjere einkvar bevisst på kva konsekvensar bruk av rusmiddel kan ha.
- Kjemping mot narkotika og misbruk av alkohol gjennom samarbeid over kommunegrensene

## 3. HISTORIKK/NOSITUASJON

### 3.1. Nasjonalt

Alkoholomsetnaden har auka og kontinentale drikkevanar kjem i tillegg til dei tradisjonelle norske vanane. Det har vore ein stor auke i ungdom sin bruk av alkohol dei seinare åra. Folk sine haldningar til alkohol har vortne meir liberale og meir lik andre land i Europa.

Skadeomfanget som følgje av liberalisering er særleg problem i storbyane og sentrumsnære strøk. Regjeringa sitt KRÅD (spesialorgan for førebygging av kriminalitet) ynskjer innstramming og betre styring i skjenkepolitikken, og har i år sendt skriv til alle nye politikarar. KRÅD har fokusert på liberalisering av løyvetildeling og opningstider.

### 3.2. Regionalt

Luster kommune har i fleire år delteke saman med politiet i ei gruppe for samordna lokale tiltak (SLT). Luster kommune deltek også som partner for folkehelse med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Blant satsingsområda i dette partnerskapet er rus- og tobakksførebygging. Det regionale samarbeidet består av fylkeskommunen, den regionale staten, kommunane, kompetansemiljøa, ungdomar og frivillige organisasjonar. Det er i dag ei samordning av SLT og folkehelsearbeidet. Det er sett ned ei gruppe som skal arbeide ut konkrete forslag til eit strukturert samarbeid mellom kommunen og politiet i førebyggjande arbeid.

### 3.3. Lokalt

Luster kommune hadde pr. 01.10.2007 4883 innbyggjarar. I Luster kommune finst det 22 verksemder med skjenking av alkohol med bl.a. 5 hotell, 2 campingplassar med servering av øl og vin samt nokre pubar, turisthytter og gardar som driv ymse aktivitetar. Det er pr. i dag 13 butikkar som sel øl og rusbrus. Innan april dette året vil eit nytt vinmonopolutsal bli etablert i kommunen.

Konklusjonen og synspunkta på dei kommunale einingane er mykje samstemde: Det er å merke seg at rusmisbruk i kommunen er stabilt og at det er positiv utvikling i rusrelaterte saker. Derimot er det auka alkoholkonsum hjå jentene, drikkefrekvensen er nokså lik blant jenter og gutar. Sjølv om ikkje Luster har same utslag som i storbyane, viser spørjeundersøkingar at det er uheldig utvikling hjå barn og unge i høve livsstil, kosthald og rus. Det er varierende bruk av rusmiddel frå klasse til klasse i skulane, og endringar kan skje fort. Difor må det satsast vidare på det som er positivt, slik at den gode trenden vil vare i framtida og.

Hovudtrekk frå einingane som var høyrde er:

- Sosial
  - behov for ettervern og hjelpetiltak for klientar og familie
  - ikkje aukande pågang i saker i høve til rus og barnevern
  - auke i unge/ynge rusmisbrukarar.
  - motstandar av at lokale retta mot ungdom (skular, idrettshall) blir brukte til arrangement der det er høve til å skjenke alkoholhaldige drikkar.
  - opptatt av tverretatleg samarbeid
- Skulepsykolog
  - må ha auka fokus på førebygging og ettervern
  - viktig med arbeid i skulesamanheng, bl.a. Team 49. (Sjå under tiltak)
  - viktig med gode relasjonar heim-skule og
  - bevisstgjerjing foreldre
- Politiet
  - nedgang i saker relatert til vold, ikkje endring i rusrelaterte saker
  - bekymra for utviklinga av yngre rusmisbrukarar, store variasjonar blant ungdom frå trinn til trinn
  - observerer at ungdom brukar meir offentlege lokale for feiring av arrangement der alkohol er med under feiringa
  - Ungdomskontakt/folkehelse/SLT koordinator viktig
  - bra med satsing på kultur, musikk og idrett
  - danseopplæring positivt, særleg for gutane i høve til deira rolle.
  - må jobbast målretta for å utsetje debut alderen.
- Helse
  - stort skadeomfang generelt blant rusavhengige både fysisk og psykisk
  - driv aktivt førebyggjande arbeid - frå svangerskap og 0 år til ungdom går ut av vidaregåande skule (helsestasjonen/helsesøster).
  - Skulehelseteneste: faste møte ved kvar skule frå 1 – 10 klasse, samt gratis helsestasjon for ungdom frå 16 – 20 år.
- Oppvekst/kultur
  - ”Ung i Luster” - Spørjeundersøking blant elevar i grunnskulen - kartlegge deler av livssituasjonen for aldersgruppa 12-16 år knytt til skule, heim, helse, haldningar, rusbruk, vald og kriminalitet.
  - frivillige organisasjonar gjer mykje godt arbeid
  - foreldrebevisstgjerjing og samarbeid mellom foreldre viktig
  - bevisstgjerjing av ungdomen sjølv er viktig - ansvar, respekt, vere støttespelarar for kvarandre.

### **3.4 Omsetjingstal for kommunen**

Det er ikkje mogeleg å få fram tal som viser kor stort alkoholforbruk det er i kommunen i forhold til mange andre kommunar. Dette med bakgrunn i at mykje av innkjøpa vert gjort ved

## LUSTER KOMMUNE – RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN

Vinmonopolet i Sogndal og andre utsal i nabokommunar. Ølmonopol i Sogndal med avgrensa opningstider og dyrare varer gjev utslag på lokal omsetnad av øl i Luster.

Tal narkotikasaker i kommunen meldt krimsys:

2002: 8  
2003: 10  
2004: 13  
2005: 8  
2006: 3  
2007: 2

Tabellen syner nedgang i innmelde saker til krimsys. Men i flg. politiet treng **ikkje** det tyda at det er nedgang i bruk av narkotika i kommunen. Det avheng bl.a. av kven som bur i kommunen, og kor mange saker som blir avdekka. Politiet er avhengige av opplysningar for å kunne "ta" folk, og det er grunn til å tru at trenden med auka bruk av narkotika nasjonalt og regionalt, også kan bli tilfelle her.

Omsetjing av alkohol i Luster kommune:

År	Sal øl	Sal sider - Rusbrus	Skjenking øl	Skjenking vin	Skjenking brennevin
2000	149.935			3.548	493
2001	150.345		35.337	2.387	377
2002	145.989		36.054	3.667,5	347,2
2003	146.876		34.041	4.186	498
2004	140.385	7.044	30.306	3.373	452
2005	170.722	7.621	28.255	5.310	466
2006	186.804	4.538	30.196	7.522	464

*Tala er basert på oppgåver frå daglegvarehandelen*

Tabellane viser at : Sal av øl i butikkane har auka frå 2005, medan sal av rusbrus/sider har gått ned i 2006.

Skjenking av brennevin er stabilt, medan skjenking av øl og vin har auka frå 2005.

## 4. VURDERINGAR

### 4.1 Rusmiddelomsetnad/Næringspolitikk

Både legale og illegale rusmiddel er lett tilgjengeleg. All forskning syner at dess lettare tilgjenge det er, dess større forbruk. Ein altfor stor avgrensing av legale varer vil medføre auka allmenn bruk av illegale varer. Det er ei utfordring å balansere ulike behov for innbyggjarar/næring, samstundes som ein i varetek og kan få redusere misbruk. Vi veit mykje om korleis ein ved å førebygge kan spare menneskelege lidningar "brannsløkkjande arbeid" og økonomiske utgifter.

## LUSTER KOMMUNE – RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN

Daglegvarehandelen og restaurant- og kafénæringa skal vere levedyktige. Difor er det viktig for kommunen si næring å ha sal og skjenking av alkohol som ein del av sitt tilbod. Næringa må ha sortiment slik at dei kan overleve.

Lokal turisme er næringsgrunnlag, men innbyggjarane i ein kommune har også rett på fridom, og skal ha lov til å kjøpe ei lovleg vare. Det er ein del av forventningane eit fleirtal av befolkninga har, og må difor tilretteleggast generelt.

For å ta vare på både næringa og samstundes setje fokus på rusomsorg må kommunen avgjere kva som bør satsast på. I ein kommune som Luster meiner komiteen at reduksjon på tal tildeling av løyver for sal og skjenking av alkohol, ikkje vil vere løysinga på problema som alkohol fører med seg. Avstandar er ikkje til hinder, og eit mindre tal butikkar som sel øl vil ikkje vere avgjerande for bruken.

Det same vil gjelda for serveringsstadene. Dei fleste av desse verksemdene (unnateke Pyramiden kafe) driv turisme i tillegg til tradisjonelle feiringar, julebord etc. Dei vil ikkje vere typiske møteplassar som samlar mykje ungdom. Mange av turisthyttene og campingplassane held stengt om vinteren. Arrangement som samlar mest ungdom i Luster der det er skjenkeløyve er dei 3-4 sommarfestane i ”Parken kvart” år. Slike, ”litt større” arrangement kan nok diskutast, men det er viktig å oppretthalde lokale tilstellingar, slik at ikkje ungdomen blir trekte ut av miljøet. Erfaring dei seinare åra syner at stader der det er lovleg skjenkeløyve til arrangement, er tilhøva vortne meir ryddige og strukturerte.

Derimot vil det vere avgjerande å setje fokus på kontrollane av sals og skjenkestadane. Alkoholova og forskriftene set grenser, og desse må haldast. Særleg vil det gjelda for aldersgrensene, men også opningstider og sal/skjenking til synleg rusa personar. Kommunen har avtale med eit firma som gjennomfører eit visst tal kontrollar kvart år. Denne avtalen må kvalitetssikrast, ha tett oppfølging og jamleg evaluert.

Sal og skjenkenæringa bør takast inn i ”varmen”. Dei bør i større grad vere deltakarar på diskusjonar for å sikre at måla i ruspolitisk handlingsplan vert oppnådd. Det vil gjere næringa meir bevisst og det vil skape positiv dialog og betre samarbeid med kommunen. Kurs i ansvarleg sal og skjenking bør arrangerast, og ikkje berre for leiarar, men alle dei tilsette som jobbar i verksemdene.

### **4.2 Oppfølging av rusmisbrukaren**

Det er tenesteeining Sosial som har hovudansvaret for å følgje opp rusmisbrukaren. Eininga har ansvar for å samordne og syte for at alle naudsynte tiltak vert gjennomførte. Rusbrukarar som vert utskrivne frå institusjon, eller av andre grunnar treng ettervern, er ei sårbar gruppe, som treng eit godt fungerande støtteapparat. I dette arbeidet er informasjon til klienten, samarbeid i hjelpeapparatet, rutinar og ei oversiktleg og klar ansvarsdeling viktige stikkord.

Lov om sosiale tenester seier at ”Gjennom råd, rettleiing og hjelpetiltak skal sosialtenesta hjelpe den enkelte til å kome bort frå rusmisbruk. På tilsvarande måte skal det gjevast råd og hjelp til vedkommande sin familie. Ettervern vil vere lagnaden til mange som hamnar ”utfor stupet” men det vil like mykje vere avgjerande for dei pårørande kva tilbod og oppfølging som finst for dei.

Når det gjeld arbeid med barn av foreldre med rusmisbruk driv helsestasjon, barneverntenesta, psykisk helse, PPT, skule og barnehage tiltak som gjer situasjonen best mogeleg for barnet.

Komiteen opplever mykje godt arbeid som blir gjort innan rusførebygging og rusomsorg, men finn likevel at det er stort potensial for betre koordinert samarbeid mellom dei ansvarlege einingane i kommunen. Det er viktig at tenesteeiningane Sosial og Helse styrker og utviklar betre samarbeid om rusmisbrukaren. Ressursar til det tverrfaglege, førebyggjande arbeidet og styrking av samarbeidet mellom ulike aktørar bør prioriterast meir. Det er tiltak som ikkje fungerer lenger, m.a. samarbeidet psykisk team. Ein må setje krav til at rådmannen opprettar faste jamlege koordineringsmøte.

Tilbodet for brukarar etter kontortid burde vore betre. Det kan oppstå konfliktfylte og dramatiske situasjonar der brukarar treng særleg tilsyn og oppfølging. Arbeidet miljøarbeidarane får gjort frå kl.16.00 til kl. 08.00 er for dårleg. Heimetenestene har ikkje god nok kapasitet. Luster sitt apparat for å fange opp ungdom som er i faresona bør evaluerast og styrkast. Arbeid/koordinering med vaktteneste, vakttelefon og ruskonsulent må inn i strukturerte former og ha akutt beredskap. Komiteen ser med undring på at stillinga som ruskonsulent er vorte redusert fleire gonger dei siste åra. Komiteen meiner at ein med dei ressursane som er til rådvelde innan psykiatrisk helsevern burde kunne hatt tilbod i akuttsaker etter kontortid både innanfor psykiatri og rus (ofte samanfallande).

### **4.3 Førebyggjande arbeid**

**Målet er å utarbeida eit breitt systematisk samarbeid om rusførebygging i kommunen som omfattar alle frå 0 til dei går ut av vidaregåande skule. Likeeins ansvarsgrupper rundt rusmissbrukaren med sitt samarbeid for rehabilitering og vidare oppfølging.**

Komiteen meiner at stilling som **folkehelsekoordinator** er svært viktig i det førebyggjande arbeidet, særleg innafor Team 49, ME’N’U og danseverkstaden. I stillinga ligg det også mykje oppsøkjande verksemd. **Koordinatoreren har ein nøkkelrolle i samarbeid mellom kommune og andre offentlege etatar i dei førebyggjande aktivitetane. Stillinga er særst viktig i arbeid med ungdom, og gevinsten med det førebyggjande arbeidet kan ikkje målast i kroner og øre.**

**Utover arbeidsoppgåvefordeling i det strategiske arbeidet som no er pålagt koordinatoreren, meiner komiteen at stillinga er for lita.** Dagens aktivitet er for omfattande til å gjennomføre praktisk utadretta arbeid. **Med bakgrunn i dette meiner komiteen at det er behov for ei ny stilling knytt opp mot arbeid på fritid for ungdomane med fokus på kveldane.** Stillinga bør øyremerkast direkte kontakt ved uteaktivitetar på kveldstid, for å få meir kontakt med ungdomane. Ved å få ein ungdomskontakt i tillegg vil dette arbeidet bli styrka. Ein bør søke å finne inndekning gjennom omprioriteringar med heilt eller delvise midlar innafor oppvekstsektoren og/eller innan psykiatriplanen.

### **4.4 Foreldre**

**Foreldra er føregangsbilete for borna, såleis må dei få tilrettelagt kunnskapar for å ta del i den sunne livsstilen som kommunen legg opp til.** Foreldra er viktige medspelarar for å avgrense alkoholbruken blant ungdom med sin rolle som modell og grensesetjar. Det handlar om å bry seg, men også å halde borna under oppsikt. Dette kan foreldra gjerast meir bevisste på, og det viktige arbeidet gjennom skulen bør satsast vidare på. Dersom foreldra kan vere

med på å skaffe eit positivt inntrykk av skulen og dei som jobbar der, vil det også gi betre faglege resultat.

### **4.5 Regionalt samarbeid**

Det er viktig for kommunen å få vidareutvikle sin kompetanse. Ved å samarbeide vil ein stå sterkare og kunne skape betre og fleire resultat med rusførebyggande arbeid. Samarbeid på tvers av kommunane med regional og lokal deltaking, vil gjere det mogeleg å involvere fleire etatar og fagfelt. Kommunen vil få eit breiare blick på problemet og kan bidra med både økonomi og kompetanse. Det handlar om å bruke dei rette ressursane på rett måte i eit felles prosjekt der alle får hente ut gevinstane.

### **4.6 Forankring og evaluering**

Dei ulike aktørane inkl. kommunale instansar, som skal nytte og utøve planen, må ha forankring til den. Det er kommunen sitt ansvar å få gjort kjend og sikre gjennomføring av planen. Det vil vere naudsynt i framhaldet av slike planar, å leggja inn "sjekkrutinar" for gjennomføring, oppsummering og vurdering av resultat. Forankring må gå føre seg kontinuerleg for å sikre at alle følgjer opp intensjonane med sine nødvendige bidrag. Difor vil arbeidsrutinar som jamt oppdaterer måloppnåinga og viser til målambisjonane med vedtak og tiltak innafor planen sitt område, vere avgjerande for korleis den fungerer som styringsdokument.

Det er snakk om prioriteringar og tid. Med evaluering av ein kommunal plan er det også viktig med nok tid til utarbeiding av planen, kva den skal innehalda. Skedsmo kommune brukte eit år for å få til ein god plan. For at det skal bli ei god oppfølging, er grunnlaget avgjerande for å forstå kva som må takast på alvor og fylgjast opp. Hastverk er lite tenleg og komiteen vil meine at nokre få veker på nyåret med dette viktige arbeidet, ikkje har vore nok. For å få ein grundig gjennomgang og ende opp med godt resultat, burde arbeidet starte allereie om hausten.

**Økonomiske endringar knytt opp mot gjennomføring av planen må handsamast i samband med første tertialrapport frå 2008.**

## **5. HANDLINGSPLAN/TILTAK**

### **5.1. Tiltak i skulane.**

I skulane vert det nytta fleire førebyggjande program både i barneskulen, ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Desse programma er knytt opp i mot skulen sine læreplanar og er rus- og kriminalitets- førebyggjande.

**TEAM 49** - vender seg til barnetrinnet og ungdomssteget, og har som mål å gjera elevane i stand til å foreta eigne val basert på kunnskap, haldningar og tryggleik til tema. Opplegget er basert på eit tverrfagleg og sjølvengasjerande "arbeids-program". Elevane utøver eit sjølvstudium innan definerte tema som direkte eller indirekte handlar om førebyggjande tiltak, t.d. nasking, respekt for andre, rus og livsstil/kosthald. Gjennom "uttrykte påstandar" skal elevane underbygge, eller forklare gitte samanhengar, konsekvensar og utviklingsforløp. Her blir **foreldra** engasjerte i stor grad, og meir forpliktande ved å ta del i opplegget, og det har vist seg å vere svært positivt.

## LUSTER KOMMUNE – RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN

Dette er eit godt prosjekt. Det har fått større omfang dei seinare åra, og det er komiteen svært positive på. Fokus må vera at ungdomsskulen får ei aukande deltaking, slik at dei får sterkare engasjement i dette viktige arbeidet. Alle skular skal delta i Team 49. Olweus og Team 49 må koordinerast og integrerast.

**FRISTIL** - kurs med målgruppe ungdomssteget (9-klasse), der elevar får grunnleggande kunnskapar om rus, rusing og rusmiljø gjennom eit 4 dagars kurs - som i neste omgang vert vidareført i klassen/-ane gjennom eigne klasseundervisningsopplegg ved arbeidsbokmodellen. Her inngår også eigne presentasjonsopplegg for **foreldre** og føresette.

**KOLON** - ei musikk og teatergruppe som turnerar heile Noreg med eit aktualitetsprogram som i handling og framføring har fokus på den meir utprøvde delen av ungdomstida, og stiller publikum spørsmål om eigne haldningar i møte med rusmiljø der ”menyen” gjerne er samansett.

### 5.2. Andre tiltak

Heile lokalsamfunnet må vere engasjerte for å ta del haldningsskapande arbeid. **Kultur med idrett og musikk er viktig**, særleg at barn og unge får tilrettelagt sunne og førebyggjande aktivitetar. Døme: Idrettslag, danseverkstaden, kulturskulen, korpset, 4H. Økonomiske tilskot til ungdomsarrangement føreset at dei er rusfrie.

I tillegg til desse tiltaka/områda, som for ein stor del er politisk styrte i form av økonomiske løyvingar, er det også på sin plass å nemne eit tiltak i regi av Ungdommen sitt kommunestyre. **Blås GRØNT** har UK på eige initiativ prioritert som ein fast aktivitet natta til 17- mai. Mellom dei som vert registrerte og som har blåst grønt vert det trekt ut ein premie.

Dette er eit flott engasjement med initiativ frå ungdomen sjølve, og her er det viktig med både regional og lokal deltaking.

**Me and you (ME’N’U)** er eit aktivitetstorg som starta i 2005/2006, der ungdomane kan møtast på Luster treningscenter annakvar fredag frå september til mai og ha planlagde aktivitetar. Dette er eit tilbod som gir ein sosial møteplass, er rusfritt og gir tilbod om gratis frukt. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune, Luster nærmiljøcenter, IL Bjørn, Kyrkja i Luster, Luster treningscenter og Ungdomens Kommunestyre.

Konseptet rundt dette tiltaket tykkjer komiteen er svært bra, og det er ynskje om at det blir fokusert meir på for å få endå sterkare interesse og engasjement, med endå fleire til å delta.

### Utvida tilbod av ”Lokale transporttilbod for ungdom ”

Kommunen får tilskot frå Fylkeskommunen til dette tiltaket, der ungdomen kan nytte bestillingstaxi til fylgjande arrangement:

- ope skitrekk
- alle opne treningar i heile kommunen og nattope idrettshall
- alle opne ungdomsarrangement, fritidsklubbar og diskotek i heile kommunen
- kulturskule
- kino/kulturarrangement i kulturhuset, Sogndal
- fotballkampar på Fosshaugane, Sogndal

**Eigenandel er på kr 50,-pr. person kvar veg.** Minimum tal personar som skal følgje taxi er 2. Tilbodet skal gjelda alle unge. Dette er eit viktig førebyggjande tiltak som sikrar tryggare rammer for ungdom. Informasjon om ordninga må vere lett tilgjengeleg. Ein må sikre at det er

## LUSTER KOMMUNE – RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN

tilstrekkeleg kapasitet for å kunne gjennomføre ordninga. Dagens situasjon med venting på fleire timar, er ikkje akseptabelt.

Kommunen yter tilskot til **lag og organisasjonar** som har etablert og står for drifta av fritidsklubbtilbod. Hafslo og Jostedal fungerer bra, men det er fritidsklubbleiing som har valt å ikkje gå inn i ordninga pga. bruk av alkohol. Difor fungerer dette for dårleg i dag, og det er ei utfordring å få med fleire bygder.

Det er naudsynt å sikre aktivitet med vaksne personar. Det syner seg at når godt vaksne er aktive i tiltaket, ser ein effekt. Det blir kontroll og det fungerer godt. Når ein skjønar at aktivitetar ikkje fungerer, bør kommunen kunne delta periodevis med meir oppfølging. Fritidsklubbane må kunne oppretthaldast i regi av godt vaksne kommunalt tilsette.

Det må omdisponerast ressursar frå m.a. psykisk helse som sikrar døgnmessig uttrykkingsmogelegheit og oppfølging av akutte saker innan rus og psykiatri i kommunen.

Det må vere systematisk oppfølging av sal- og skjenkekontrollen, der ein sikrar gode og effektive kontrollar på tidspunkt der det føregår aktivitet på stadene.

Rådmannen må snarast sikre at systematiske brot på sosialtenestelova kap. 6 ”Tiltak overfor rusmissbrukarar” vert retta opp.

Det er avdekka mangel på koordinering av dei ulike faginstansane som arbeider med dei same måla. Rådmannen må sikre koordinering av dei ulike lokale instansane. Det bør etablerast eit fast forum/arbeidsteam.

Kommunen må aktivt stimulere og tilrettelegge for tiltaket Nattugler. Ein bør nytte skulen/foreldremøta som ein koordinerings- og stimuleringsstad.

Det må opprettast ei ny stilling innan førebyggjande arbeid. Stillinga skal ha hovudfokus på direkte kontakt med ungdom på kveldstid, og generere aktivitetar for uorganisert ungdom.

## 6. REGLAR FOR SAL OG SKJENKING AV ALKOHOL.

### 6.1 Sal

#### 6.1.1 Salsløyve - Alkoholova § 3.

Med sal av alkoholhaldig drikk meinast overdraging av drikk med inntil 4,75 volumprosent alkohol - til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden. Sal kan berre gjevast på grunnlag av løyve og slikt mynde ligg til kommunestyret. Kommunestyret har vidaredelegert til Formannskapet.

Løyve kan tildelast daglegvarebutikkar, samt butikkar i tilknytning til kjøpesenter og/eller bensinstasjon. Løyve kan gjevast for periodar inntil 4 år.

#### 6.1.2 Salstider (alkoholova § 3-7)

**Eiga forskrift for Luster kommune sett i kraft 12.08.2000.**

- På vanlege kvardagar mellom kl. 09.00 og kl. 20.00

- På dagar før søn- og helgedagar mellom kl. 09.00 og kl. 18.00.
- Påske, pinse, jul og nyårsafta mellom kl. 09.00 og kl. 13.00.
- Ikkje sal søn- og helgedagar, 1. og 17. mai, valdagen ved stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov.

## 6.2 Skjenking

### 6.2.1 Skjenkeløyve – Alkoholova § 4

Med skjenking meinast sal av alkoholhaldig drikk for drikking på staden. Skjenking kan berre skje på grunnlag av løyve, mynde ligg til kommunestyret. Kommunestyret har vidaredelegert til Formannskapet. Generelt løyve kan gjevast for periodar inntil 4 år.

Generelt løyve for servering av **brennevin, vin og øl** kan tildelast

- hotell og andre overnattingsverksemder
- restaurantar og andre serveringsverksemder der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at brennevinsservering kan forsvarast.
- restaurant i kjøpesenter etter at butikkane er stengde, fredag, laurdag etter kl. 20.00, samt to dagar i julehelga og to dagar i påskeveka. Andre vekedagar til slutta lag.

Generelt løyve for servering av **vin og øl** kan tildelast

- spisestader med annan karakter enn restaurantar.
- pubar
- ferjer og båtar i chartertrafikk
- pensjonat og mindre overnattingsverksemder
- uteserveringsstader

### 6.2.2 Løyve til servering av vin og øl ved enkeltarrangement - alkoholova § 1-6

Som generelt løyve, men kan gjevast for ein bestemt del av året, og for eit enkelt bestemt høve, ( ”knytt til en bestemt begivenhet”) t.d. Parken, og andre samfunnshus. Kommunen kan fastsetje klare tidsgrenser, men arrangement som strekker seg over 3-6 dagar kan sjåast på som enkeltarrangement.

### 6.2.3 Ambulerande skjenkeløyve – alkoholova § 4-5.

Løyve til servering av **brennevin, vin og øl i slutta lag**. Med slutta lag meinast at det allereie før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av personar, som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale på skjenkestaden, t.d. bryllaup, konfirmasjon, jubileum osv. **Det er ikkje tilstrekkeleg at ein før skjenkinga har skrive seg på ei liste eller kjøpt billetter. Klubbar t.d. med avgrensa medlemskap blir ikkje rekna som slutta selskap.**

Ambulerande skjenkeløyve kan tildelast

- selskapslokale
- verksemder som har generelt løyve avgrensa til vin og øl
- stader som får løyve ved enkeltarrangement avgrensa til vin og øl.

Administrasjonen har to ambulerande løyve å tildele.

### 6.2.4 Alkoholserving utan løyve – alkohollova § 8-9 siste ledd.

Privatpersonar som leiger/låner eit lokale kan servere alkohol utan løyve ved særskilt løyve og ved slutta lag. Lova sitt utgangspunkt er at all servering av alkohol mot vederlag krev løyve, medan servering utan vederlag (når ein spanderer) normalt er tillete utan løyve. Det er kun tilgang til alkoholserving utan løyve ved slike private arrangement når utleigar/lånar eller hans/hennar representantar ikkje er involverte i arrangementet på nokon annan måte enn å stille lokalet til rådvelde, og der leigetakar bringar med sine eigne drikkevarer.

Dersom utleigar/utlånar står for innkjøp eller servering av mat eller drikke, vil det krevje løyve, sjølv om dette blir gjort utan vederlag. Det krev også løyve dersom eit utanforståande firma står for innkjøp eller servering av både mat og alkohol. **For at alkoholservinga skal kunne skje utan løyve må dei alkoholhaldige varene alltid skaffast av privatpersonen sjølv på same måte som ein hadde gjort ved ein fest heime.** Hensikten er å gje privatpersonar høve til å ha arrangement som eit privat selskap/fest, der eiga stove blir for lita og det er trong for eit større lokale.

### 6.2.5 Importløyve – alkohollova § 2-1

Løyve til å innføre alkohol og til skjenking av denne vara for stader som har gjeldande skjenkeløyve for det dei har skjenking for. Mynde er lagt til formannskapet.

### 6.2.6 Ingen løyve til

- Stader som er spesielt retta mot ungdom
- Stader som er spesielt retta mot motortrafikanter
- Kommunale bygg ( Formannskapet kan i spesielle høve gjere unntak frå dette og gi løyve)
- Idrettsarrangement
- Kioskar og bensinstasjonar
- Campingplassar utan serveringsløyve

### 6.2.7 Skjenketider – alkohollova § 4-4

Konsum av alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter skjenketidas slutt. I flg. lova kan skjenking av brennevin etter kommunalt løyve skje frå kl. 13.00 til kl. 24.00. Skjenking av vin og øl kan skje frå kl. 08.00 til kl. 01.00. **Skjenking av brennevin mellom kl. 03.00 og 13.00 og skjenking av øl og vin mellom kl. 03.00 og 06.00 er forbode** (gjeld ikkje for overnattingsgjester).

Kommunestyret kan innskrenke eller utvide tida for generell skjenking i høve til lova, og fastsett skjenketid kan og utvidast for enkelthøve.

### Luster kommune har utvida skjenketider – forskrift sett i kraft 12.08.2000.

- Skjenking av brennevin skal vere avslutta kl. 01.00
- Skjenking av vin og øl innandørs skal vere avslutta kl. 01.30
- Skjenking av vin og øl utandørs skal vere avslutta kl. 23.00, men formannskapet har fullmakt til å tillate felles skjenketid ute og inne der det ligg til rette for det. Dette vert å handsama som eiga forskrift.

### 6.3. Kontroll – alkohollova § 1-9.

Kommunen har med heimel i Alkohollova ansvar for kontroll med utøving av kommunalt skjenkeløyve. Det er utarbeidd forskrift for ordninga. I følge kommunen sitt delegasjonsreglement er Formannskapet kommunalt kontrollutval med heimel i Alkohollova. Kontroll av sals og skjenkestader blir gjennomførde av innleigde kontrollørar.

### 6.4. Inndraging

Kommunen har rett til inndraging av løyve ved følgjande brot på Alkohollova/kommunale retningslinjer:

- Skjenking utover skjenketid
- Skjenking til rusa personar
- Skjenking av mindreårige
- Narkotikamisbruk
- Ikkje levert omsetjingstal i rett tid
- Ikkje betalt løyveavgift i rett tid
- Andre vesentlege brot på alkohollova

### 6.5 Sanksjonsreglement

Prosedyre og tiltak skal setjast i verk overfor sals og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgjevinga, andre relevante lover og kommunale retningslinjer for alkoholumsetnaden:

Dersom alkoholkontrollørane etter kontroll meiner å påvise brot på alkohollova/kommunale retningslinjer ved sals eller skjenkestad, skal kontrollørane skrive utfyllande, detaljert rapport til kommunen.

Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals eller skjenkestaden og ber om merknader og/eller kallar inn til samtale for å klargjere dei faktiske tilhøva. I samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjere greie for korleis dei vil syte for at eventuelle brot på alkoholloven/ kommunale retningslinjer ikkje skal skje i framtida.

Dersom det er påvist klare lov- eller regelbrot, skal administrasjonen ved **fyrste gongs tilfelle** sende skriftleg åtvaring til den aktuelle verksemda. Formannskapet skal verte orientert om saka.

Dersom det er påvist klare lov- eller **regelbrot trass i tidlegare åtvaring**, skal det fremjast sak om inndraging av sals og skjenkeløyvet for Formannskapet.

Dersom lov- eller regelbrotet etter administrasjonen si vurdering er av **særs alvorleg karakter**, skal det fremjast sak til Formannskapet om inndraging av sals eller skjenkeløyvet umiddelbart. Ved lov- eller regelbrot av alvorleg karakter, har administrasjonen fullmakt til å trekke sals eller skjenkeløyvet attende, med verknad straks fram til Formannskapet har fått saka til handsaming.



## LUSTER KOMMUNE – RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN

### *Kjelder:*

Norge. Lov av 2.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. [Alkohollova]

For 2005-06-08 nr 538: Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk m.m.

For 2000-09-21 nr 117: Forskrift om sals og skjenketider for alkohol i Luster kommune.

Regjeringa sin handlingsplan mot rusmiddelproblem 2003-2005

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Luster kommune for perioden 2004 - 2007

Ruspolitisk handlingsplan for Nord-Fron kommune 2003-2007


Ruspolitisk handlingsplan for Osterøy kommune 2003-2007

Ruspolitisk strategi og handlingsplan 2006-2009 for Bergen kommune


Sosial og helsedirektoratet, avdeling rusmidler - temahefte ”God rusforebygging.”

WEB – [www.kommunetorget.no](http://www.kommunetorget.no)

## Politisk organisasjonsmodell



## Innbyggjarar og tenestemottakarar



## Administrativ organisasjonsmodell

**Gul** = Tenesteeiningar. Desse yter primært tenester til innbyggjarane i kommunen.  
**Grøn** = Stabseiningar. Desse bistår rådmannen i hans arbeid, dels utad, dels i høve tenesteeiningane og dels i høve kommunen sine politiske organ.

Rådmannen har - på stabsnivået - peika ut "kontaktpersonar" for samtlige tenesteeiningar.

1) Kommunen har 10 skular og alle rektorane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Skulane er: **Bolstad skule, Dale skule, Fortun skule, Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskul Jostedal skule, Indre Hafslo skule, Luster ungdomsskule, Solvorn skule, Veitastrand skule.**

2) Kommunen har 9 barnehagar og alle styrarane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Barnehagane er: **Bolstad barnehage, Gamlestova barnehage, Gaupne barnehage, Grandmo barnehage, Hafslo barnehage, Indre Hafslo barnehage, Jostedal barnehage, Luster barnehage, Solvorn barnehage.**